



DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT

# St.prp. nr. 73

(2003–2004)

## Om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap»

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 4. juni 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringen Bondevik II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av primærgodtgjersler for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2004.

### 2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på meklingsresultatet mellom staten og LO-Stat, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund-Stat, Akademikarane og Ut-danningsgruppenes Hovedorganisasjon frå lønsoppgjæret i staten. Med basis i lønsoppgjæret for statstilsette blir primærgodtgjersler til vernepliktig mannskap tilrådd auka med 8,9 % frå 1. juli 2004.

Meirutgiftene for 2004 er utrekna til 23,4 millionar kroner.

### 3 Bakgrunn

Gjennom ei rekke år har dei økonomiske ytingane til soldatane blitt regulert med basis i lønsoppgjæret

for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har dei seinare åra, i tråd med Forsvarskomiteens syn, lagt til grunn den regulering som blir gitt i lågaste lønstrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Det tilrådde lønsoppgjæret for statstilsette i lønsramme 1, alternativ 1 gav som resultat eit kronetillegg på 6 500 på A-tabellen med virkning frå 1. mai 2004. Vidare blei det gitt opprykk på fire lønstrinn i lågaste begynnarløn til kr 196 300 per år i lønstrinn 13 med virkning fra 1. juni 2004. Dette utgjør til saman ei regulering på 8,9%.

I 2003 gav lønsoppgjæret i staten ikkje lønsauke. Tenestetillegget til dei vernepliktige mannskapa vart likevel auka med 2,9% i 2003 på grunnlag av auka i konsumprisindeksen, jf. St. prp. nr. 76 (2002 – 2003) og Innst. S. nr. 291 (2002 – 2003), som eit bidrag i arbeidet med å heve statusen til utskrivne vernepliktige mannskap. For 2004 ønskjer Forsvarsdepartementet å føre vidare prinsippet om regulering basert på lønsoppgjæret for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten.

### 4 Vurderingar

Dei økonomiske ytingane det dreier seg om, har som eit viktig mål å sikre den vernepliktige og fami-

lien hans/hennes ein rimeleg god levestandard. Dei årlege reguleringane med basis i lønsoppgeret ivaretek dette. Departementet meiner det er naturleg og rimeleg at det i år blir gitt regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeids-

kraft i staten. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at dei vernepliktige bør få ei regulering av primærgodtgjerslene med 8,9% med verknad frå 1. juli 2004.

## 5 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2004

Tenestetillegg frå kr 111,00	til kr 120,90 per dag
Korporalstillegg frå kr 14,10	til kr 15,35 per dag
Kompensasjonstillegg frå kr 217,60	til kr 237,00 per dag
Ektefellestillegg frå kr 2 967,00	til kr 3 231,00 per måned
Barnetillegg, fyrste barn, frå kr 3 369,00	til kr 3 669,00 per måned
Barnetillegg, øvrige barn, frå kr 1 392,00	til kr 1 515,00 per måned
Dimisjonsgodtgjersle 12 månader teneste frå kr 8 851,00	til kr 9 636,00
Utdanningsbonus frå kr 7 351,00	til kr 8 007,00

## 6 Samlet utgiftsberegning

Meirutgiftene som følgje av forslaget er utrekna til 23,4 millionar kroner for 2004 etter følgjande fordeling:

Auke av tenestetillegg og korporalstillegg	20,116 mill kr
Auke av kompensasjonstillegg	0,274 mill kr
Auke av forsørgjartillegg	1,386 mill kr
Auke av dimisjonsgodtgjersle og utdanningsbonus	1,659 mill kr

## 7 Verknad for siviltenesten

Regulativendringar for militære vernepliktige mannskap utløyser tilsvarende verknad for dei sivile vernepliktige. Dette følgjer av militærnektekterlova § 18. Meirkostnadane for siviltenesteforvaltninga for andre halvår 2004 er utrekna til 3,436 mill kr.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i »Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap».

Vi HARALD, Norges Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### til vedtak om endringer i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap»

#### I

Løyvinga under Forsvarsbudsjettet og Justisbudsjettet for 2004 blir endra slik:

Kap.	Post	Formål	Kr
450		Sivile vernepliktige	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	3 436 000
		frå kr 177 791 000 til kr 181 227 000	
1720		Felles leing og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	758 000
		frå kr 1 202 847 000 til kr 1 203 605 000	
1725		Fellesinstitusjoner og – utgifter under FST	
	001	Driftsutgifter blir auka med .....	1 464 000
		frå kr 2 418 902 000 til kr 2 420 366 000	
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	10 697 000
		frå kr 3 918 825 000 til kr 3 929 552 000	
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	4 121 000
		frå kr 2 694 032 000 til kr 2 698 153 000	
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	2 543 000
		frå kr 3 565 523 000 til kr 3 568 066 000	
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	3 284 000
		frå kr 1 106 051 000 til kr 1 109 335 000	
1790		Kystvakten	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	557 000
		frå kr 693 574 000 til kr 694 131 000	
1795		Kulturelle og allmennyttige formål	
	01	Driftsutgifter blir auka med .....	9 000
		frå kr 143 978 000 til kr 143 987 000	